



Sokneprest i Husnes og Holmedal sokn Jan Ove Totland gjer teneste under mseumsdagen på Rød i Uskedalen i august. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kapellanstillingen i Husnes og Holmedal sokn har vore utlyst fleire gonger utan at det har meldt seg kvalifiserte søkjarar.No kjem Bjørgvin bispedømmeråd med framlegg om ei løysing som inneber at denne stillinga blir til soknepreststilling og også omfattar Uskedalen.På denne måten meiner ein å gjera stillingen meir attraktiv.Kapellanstillingen i Husnes og Holmedal er no den einaste i Sunnhordland prosti.

Bispedømmerådet skriv slik om saka til Uskedalen sokneråd;

'I samarbeid med prosten gjer vi no framlegg om å endra på prestetenesta knytt til kapellanstillingen i Husnes og Holmedal sokn, til sokneprest i Uskedalen sokn, med Husnes og Holmedal og Uskedalen sokn som tenestestad og Sunnhordland prosti som tenestedistrikt. Stillingen får buplikt i tenestebustaden på Valen'.

På denne bakgrunn bed bispedømmerådet om at Uskedalen sokneråd og Husnes og Holmedal sokneråd held soknemøte som skal ta stilling til framlegget om å endra kapellanstillingen og tenestebustad på Valen.

Sokneråda skal førebu saka og utarbeida framlegg til høyring. Soknemøta vedtar endeleg fråsegn frå sokna som skal sendast til prosten. Det er ønskjeleg at dei lokale fråsegnene er klare innan 23. november og at prosten sender saka vidare med påteikning innan 26. november.

Dette gjer det mogeleg for bispedømmerådet å handsama saka i møtet 8. desember. Etter dette kan den ledige stillingen lysast ut med sikte på at ny prest kan ta til i august 2010, skriv bispedømmerådet.'

Soknemøtet skal haldast 22. november, får uskedalen.no opplyst.

Av Ola Matti Mathisen